

Krav om lovlegkontroll av vedtak i Osterøy plan og Kommunaltekniske utval 27.09.17: PS 116/17

I medhald av kommunelova § 59 vert det fremma krav om lovlegkontroll i samband med handsaming av sak 116/17 i Osterøy Plan og Kommunaltekniske Utval 27.09.2017.

Det vert bede om at habilitet til utvalsleiar vert vurdert av fylkesmannen.

I handsaming av byggesak på gnr 14 bnr 379 i Osterøy kommune, kom det i sak 116/17 fram informasjon som gjer det kjent at bror til utvalsleiar har hatt ei interesse i denne byggesaka. Han er nabo til tiltaket, og deler veg med tiltaket på 14/379. Saka har vore handsama i fleire politiske periodar, og med Solberg ved bordet heile vegen. Han har likevel ikkje gitt til kjenne at han har ein bror med interesse i saka, og har ikkje på noko tidpunkt bede om at habiliteten hans skulle vurderast. I møtet den 27 september, vart dette teke opp av andre utvalsmedlemmer.

Det vart då hevda at Solberg ikkje kjent til at broren hadde interesse i saka. Dette er underleg, då dei har delt arbeidsplass heile livet og har elles tett kontakt.

Vedlegg 12 i saka synleggjer at bror til Solberg har ei sentral rolle i samband med felles veg. Dette vedlegget var det første dokumentet som syner for utvalet at bror til Solberg hadde interesser i saka. Det er på det reine at det føreligg økonomiske interesser i saka.

Det vert sett krav om oppsetjande verknad i saka fram til lovlegkontroll er handsama.

Lonevåg, 16.10.2017

<i>Hildegunn Mo</i>	<i>Ragnar Johan Tyssebotn</i>	<i>Sigmund Arve Faugstad</i>
Hildegunn Mo Osterøy FrP	Ragnar Johan Tyssebotn Osterøy Frp	Sigmund Arve Faugstad. Osterøy Frp